



Hordaland fylkeskommune - Samferdsleavdelinga  
Samferdsleavdelinga  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår:

Saksbehandlar:  
Kari Foseid Aakre  
kari.aakre@osteroy.kommune.no

Dato:  
30.08.2016

## Sambandet Valestrand-Breistein

Osterøy kommune er uroa over utviklinga når det gjeld ferjesambandet Valestrand – Breistein (Osterøy Ferjeselskap AS).

Selskapet har det siste året hatt ein merkbar nedgong i trafikantar etter at Osterøybrua var nedbetalt og innføring av rushtidsavgift i Bergen (dette siste har ført til at ein vel turen gjennom Grimesvingane i staden for gjennom Åsane).

MF «Ole Bull» har 68 daglege avgangar og hadde i 2015 226.000PBE (personbileiningar) og 390.000 passasjerar, noko som gjer sambandet til det 5.største i Hordaland. Etter at Osterøybrua vart gratis er drifta marginal og selskapet må tære på eigenkapitalen. Dette fører til at det vert vanskeleg å oppretthalda førebyggjande vedlikehald og drifta vert såleis sårbar i høve driftsavbrot.

Sambandet har stor betydning for kommunen da det er med å sikra ein godt fungerande skule- og arbeidsmarknad på begge sider av fjorden.

Valestrandsområdet er i stor vekst og det er fleire utbyggingsområde som er i ferd med å verta realisert, dette vil vera med på å sikra driftsgrunnlaget for ferja i framtida.

Sambandet i kombinasjon med eit godt buss-samband til / frå Osterøy – Åsane – Bergen Nord og Nordhordland gir Osterøy kommune eit sers godt kollektivtilbod som mange av våre innbyggjarar nyttar. Mange tilsette i kommunen er busett i området Åsane, Hylkje/Nordhordland og fleire av innbyggjarane på Osterøy pendlar og denne veggen.

Osterøy kommune har eit godt samarbeid med Nordhordlandskommunane på fleire område, og i dette samarbeidet er sambandet sers viktig.

Sambandet fungerer og som avlastning for E 16 ved stenging av Arnanipatunnelen.

Vi ber om at det vert utgreidd ulike ordningar for å sikre framtidig drift av sambandet f.eks.:

- Sambandet vert tatt inn i det ordinære ferjeandbødet til Hordaland fylkeskommune
- Osterøy Ferjeselskap vert tildelt årleg driftstilskot frå Hordaland Fylkeskommune
- Sambandet går inn som ein del av eit offentleg forskings- og utviklingsprosjekt

Det er stor interesse for å nytta ferja som laboratorium for utvikling av hydrogenferje da den ligg tett på Bergen og forskingsmiljøet der. Ferja har omkjøringsveg så slik at om det skulle vera naudsynt med stopp grunna montering og testing av utstyr osb. vil ikkje det vera kritisk.

Med helsing

Kari Foseid Aakre  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Mottakar:**

Hordaland fylkeskommune -  
Samferdsleavdelinga

Samferdsleavdelin 5020  
ga

BERGEN